

Ænes og Mauranger Bygdalag
v/Inger Grethe Skeide
Sunndalsvegen 660
5476 Mauranger

Hordaland Fylkeskommune

1 DES 2016

Sjå mottakarar nedafor.

28. november 2016

Merknad til offentlig ettersyn av kommuneplan for Kvinnherad

Mottakarar:

- *Kvinnherad kommune, plan*
- *Kvinnherad kommune, landbruk*
- *Fylkesmannen i Hordaland*
- *Hordaland fylkeskommune*
- *Kst. Repr. Gerd Laura Bondhus*
- *Kst. Repr. Leif Sverre Enes*
- *Kst. Repr. Øyvind Utne*

Det vert synt til framlegg til kommuneplan for Kvinnherad, med høringsfrist 08.12.16.

Ænes og Mauranger bygdalag (ÆMB) vil gje uttale til planen, særskilt med omsyn til nyetableringar av bustader.

Behovet for bustadutvikling

Mauranger er blitt ein meir sentral del av Kvinnherad dei siste 20 åra. Kort veg til regionsenteret Odda og kommunesenteret Jondal fører til auka press på bustadetableringar. Diverre har ikkje Mauranger høve til å ta i mot tilflyttarar grunna tomtmangel. Sundal er ei av få mindre bygder i Hardanger som har auka folketalet sitt dei siste åra. Skulen er livsnærva i Maurangerbygdene og tilflyttarar er naudsynt for å oppretthalde elevgrunnet. Skulen er òg noko av det som gjer det attraktivt å slå seg ned i området. I dag må Oddingar og andre interesserte få beskjed om at det ikkje er ledige tomter å slå seg ned på.

Gjeldande plansituasjon.

I gjeldande arealplanar pdd. er det svært lite rom for at bygdene i Mauranger kan vekse. I Austrepollen og Nordrepollen har ein ingen avsette bustadtomter, men større områder avsett til LNF-spreidd. Dette opnar for noko "organisk" bustadetablering på gardane i dei to bygdene (inntil to bustader i perioden). I Nordrepollen er det etablert to bustader i førre periode.

Dialog mellom bygdalaget og Kvinnherad kommune

ÆMB meiner at ein må avsette konkrete areal for bustadbygging for å få ei god og framtidsretta utvikling i tråd med intensjonane i plan- og bygningslova. Ein har såleis invitert og gjennomført